



Håvard Engeset
Postboks 40
5732 MODALEN (Postboksadr.)

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/348 - 22/2696

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2022

Tilskot frå næringsfondet til kjøp av Dalen stokkebord til vedmaskin

Administrativt vedtak Landbruk sak nr: 013/2022

Vi syner til din søknad datert 22.11.2022 . Det er gjort slikt vedtak i saka.

Vedtak

Modalen kommune løyver tilskot frå næringsfondet til innkjøp av Dalen stokkebord til kvar av dei fire deltakarane i maskinsamarbeidet: Trond Farestveit Helland kr 3 290,- , Håvard Engeseth kr 3 290,- Jan Arild Steinsland kr 3 290,- og Robert Helland kr 3 290,-

Vilkår for utbetaling:

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader og innsendt dokumentasjon på utlegg. Det er levert inn kopi av faktura på kjøpet, men det må sendast inn dokumentasjon på at betaling er utført.

Det må lagast avtale mellom deltakarane om stell og vedlikehald av stokkebordet. Denne skal sendast til kommunen før utbetaling av tilskot.

Tilskotet kan krevjast attende betalt heilt eller delvis dersom utstyr, som vert finansiert med støtte frå næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn oppgitt innan 5 år frå vedtaksdato.

Saksutgreiing:

Trond Helland, Håvard Engeseth, Jan Arild Steinsland, Robert Helland som eig og driv gardsbruk i Modalen søkjer om tilskot frå næringsfondet til å kjøpa inn eit Dalen stokkebord til ved maskin. Det er levert inn 4 likelydande søknader. Dei skal ha ved maskina felles, men bruken vert på kvar enkelt gard. Total kostnaden er kr 26 160, og dei betalar 1/4 del kvar som utgjer kr. 6 540,-. Kvar av dei søkjer om kr 3 290,- i tilskot.

Det er i søknadane oppgjeve at føremålet med kjøp av stokkebordet er å få auka kapasitet og effektivitet ved bruk av ved maskina. Stokkebordet vil lette arbeidet og den fysiske belastninga ved produksjon av ved. Dei har tidlegare fått tilskot frå næringsfondet til kjøp av ved maskin.

Vurdering:

Næringsfondet er eit verkemiddel for å fremja og styrka næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. I strategisk næringsplan 2017-2021 er eit fokusområde at ein skal leggja til rette for næringar som bygger på lokale naturressursar. Auka produksjon i landbruket er eit av fleire tiltak som er nemnd.

Kommunestyret vedtok i møte den 7. april 2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen. Dette har seinare vorte forlenga. I pkt. 3 i tilskotsreglar for landbruket i Modalen heiter det: Felles innkjøp av driftsmiddel- minst 3 brukarar. Tilskot på 50 % av kostnaden.

Føremålet med ordninga er å leggja til rette for å styrka landbruksdrifta i Modalen, og ordningane skal medverka til

- Oppgradering og fornying av driftsapparat, som kan bidra til kostnadsreduksjon og betre
- lønnsemd
- Nyare utstyr som kan gje betre arbeidsmiljø og positiv helsegevinst
- Stimulera unge/nye brukarar til å driva gard.
-

Det er rikeleg med vedaskog i Modalen med mellom anna mykje bjørkeskog. Det ligg godt til rette for produksjon av ved i kommunen. Høge straumprisar har gjort at prisen har gått opp, og det kan vera god økonomi i å produsera ved for sal om dette heldt fram. I tillegg til sjølve ved produksjonen kan det vera positivt for landskapet at område vert hogt/rydda, og ein får nytta ein ressurs som har vore lite i bruk dei seinare år.

Eit stokkebord gjer at det kan produserast større mengde ved på ein effektiv og trygg måte. Det er positivt at aktive bønder samarbeider med andre som eig gardsbruk om felles investeringar, og det kan vera med å stimulera til meir drift på dei ulike bruka.

Konklusjon

Administrasjonen meiner støtte til innkjøp av ved maskin er i tråd med føremålet til ordninga.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt landbruksjef Laila Bjørge.

Med helsing

Laila Bjørge
landbruksjef